

Møte om vaksen musikkgruppe på Dalen

Helga opna med litt info: Det hadde vore kjekt med eit ensemble for dei vaksne på Dalen. Då vil vi sjølvsagt vite kva de kunne tenke dykk av repertoar, stil, øvingar? Det er mange alternativ: prosjektbasert, kvar veke, annankvar veke? Er konsert eit mål? Eller ikkje?

Innspel:

- Starte litt smått? Storband og up tempo er kjekt. Gøy å få med bandinstrument også.
- Uformelt er kult; spele i hotellhagen, litt stemning rundt det, til fest eller til dans?
- Gruppe i Rauland spelte i storband foran Coop og lagde stemning. Solfest aktuelt for oss, for eksempel?
- Både klassisk og storband-stil er aktuelt.
- Dette må vera eit overskotsprosjekt; det må vera kjekt å møtast og spele saman. Viss vi får til ei sånn gruppe, vil vi vera ei inspirasjon for dei små.
- Det må vera på eigne premisser: kan ein ikkje på øving, så kan ein ikkje. Vi startar opp og prøvar oss, og bestemmer oss for prosjekt/modell etterkvart

Ynskje om å vera berre vaksne frå start. Ynskje om at det ikkje vert for mykje, og at vi har effektive og gode øvingar.

Ynskje om å øve torsdagar.

Forslag repertoar:

- Bad Romance – Paul Murtha-arr
- Achy Breaky heart – Flex 4
- Æ vil bare dans
- Stevie Wonder
- Autumn Leaves flex 7
- Bare Necessities
- Best of Beatles
- Birdland flex 7
- Mange fleire!

Helga finn fram repertoar vi har i arkiv og ser på nettet på Flex 5 og 7 m.a.

Kom gjerne med innspel til låtar!

Torsdag 9.november vert det oppstart, øving 19.45-21.00/når vi føler oss ferdige. Dette vert lågterskel og moro!

Er det nokon som vil vera med som ikkje har instrument? Gjev beskjed, så ordnar vi det nok!

Kontaktinfo: Helga Raunholm Jordan: 97007956, Siri Møller-Holst: 41074262